

# BOKN BYGDEBLAD

---

NR. 3 - MARS/APRIL 1988 ÅRG. 3

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN KOMMUNE  
LANDFAST 1. JUNI 1990



*Parsell av den nye rv. 512 ved Susort fra fyllinga og innover mot land.*

Frå september 1986 har arbeidet vore i gong med å byggja ny Rv.512 frå Susort i Tysvær til Arsvågen i Bokn. Prosjektet vil gjera Bokn kommune landfast og åpna for hurtigare samband mellom nord- og sør-fylket.

## MOLO PÅ ARE

Singel og Grus A/S fekk den første jobben med å frakta stein på lektarar frå Tau til Arsvågen. 155.000 kubikkmeter stein vart tippa i sjøen mellom fastlandet og Solholmen for å laga fundament for plastringsjobben som skulle starta seinare. Dette arbeidet tok til i mars 1987 av firma Vassbakk og Stol A/S. Det vart då sprengt masse i det området som skulle bli framtidig oppstillingsplass og parkeringsplass for bilar.

Moloen vart ferdig som planlagt i desember 1987. Oppstillings- og parkeringsarealet er delvis utplanert.

Arbeidet i Arsvågen vil ikkje ta til att før i midten av 1989.

## SUSORT OG OGNØY

I mai 1987 starta to parsellar samstundes. Vassbakk og Stoi A/S hadde vegarbeidet på Susort, kor det vesentlege var å fyila masse 200 m ut i Frekasundet.

Samstundes starta vegvesenet vegbyggjinga på Ognøy som er den første øya som blir landfast i dette prosjektet.

I august 1987 blei anbudet for Frekasundet bru annonsert.

Stoltz Røthing A/S i Haugesund i samarbeid med Meråker Verk og Tangbøl og Øverland A/S fekk jobben til ein pris av kr. 25.953.123,-. Brua blir av stål og betong.

Begge landkar er ferdig støypte, og arbeidet med å ramma stålpeiar ned i botnen av Frekasundet starta i februar.

## STOR AKTIVITET I 1988

På Ognøy har arbeidet gått som planlagt. Det er vegvesenet som har alt arbeidet her. Heile jobben er berekna til ca. 15 mill. kroner. Pr. i dag har vegvesenet 10 anleggsmaskinar i arbeid.

Først i januar tok arbeidet på Austre Bokn til, kor hovudtyngda av vegarbeidet vil skje i 1988. Her skal det også til hausten drivast ein 600 meter lang tunnel. I desse dagar kan ein sjå anleggsmaskinane i arbeid ved Boknasundet.

## ØKONOMI

Finansieringsplanen for heile prosjektet er nå godkjent av Stortinget. Totalt vil heile anlegget kosta 196,3 mill. kroner (1988 kroner), og det årlege pengeforbruk er foreslått slik

Millioner kroner

1986	1987	1988	1989	1990	1991
3.3	24.0	60.0	62.0	35.6	11.4



## BEMANNING

Pr. i dag har vegvesenet 4 personar i prosjektleiinga. I tillegg til det er det arbeid som blir gjort av andre avdelingar i vegvesenet.

Ute i drifta er det 9 personar i arbeid, og for å ta alt arbeidet på Austre Bokn vil ein ta inn 2 - 3 spesialarbeidarar.

## FERDIGSTILLING

Den 1. juni 1990 skal etter planen veggen åpnast for trafikk. Pr. i dag er det ikkje noko som tyder på at dette ikkje vil halda, men det er omfattande arbeid som skal utførast i slutten av anleggsperioden både når det gjeld vegar, bruer og kaiar. Tidspresset vil nok auka mot slutten av prosjektida.

## Framdriftsplan

	1987	1988	1989	1990
Veg på Susort	—			
Frekasund bru	—	—		
Veg over Ognøy	—	—		
Ognøysundet bru		—	—	
Veg over Austre Bokn		—	—	
Boknasundet bru			—	—
Veg over Vestre Bokn			—	—
Årsvågen ferjeleie			—	—

Kjelde for  
artikkelen:

Ryggjavegen, bedriftsblad for  
vegvesenet i Rogaland.

## BOKN IDRETTSLAG FÅR BRAKKE AV KOMMUNEN.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 1. mars at Bokn idrettslag får tildelt den brakka som står aust for den gamle banken.

Elles skal kommunen selja til høgstbydande den brakka som står nord for det gamle bankbygget.

## Ny pris for bustadtomter.

Kommunale bustadtomter kostar frå 1. januar 1988 kr. 65,- pr. kvadratmeter. Dette vart avgjort i Bokn kommunestyre den 1. mars 1988.

Eit anna framlegg på kr. 75,- pr. kvadratmeter fekk berre 4 røyster, medan framlegget på kr. 65,- pr. kvadratmeter fekk 13 røyster.

Tidlegare var prisen på kommunale bustadtomter i Bokn kr. 44,- pr. kvadratmeter.

## Kritikk mot formannskapet.

Under "Eventuelt" i Bokn kommunestyre den 1. mars 1988 kritiserte Sigurd Johnny Svendsen formannskapet fordi det i enkelte tilfelle handsama saker med heime i kommunelova sin § 22 (hasteparagrafen):

§ 22. Formannskapets avgjørelsesmyndighet i saker som haster.

### § 22.

Formannskapet kan avgjøre saker som det tilkommer kommunestyret å gjøre vedtak i, når det ikke er tid til å forelegge saken for kommunestyret uten å utsette berettigede hensyn for å bli tilsidesatt. Melding om vedtaket forelegges snarest mulig for kommunestyret.

På vegne av Kr.F. sette han fram fylgjande protokolltilførsel:

"Det presiseres at alle saker som direkte angår Bokn kommune og/eller er av allmen eller offentlig interesse/betydning, skal så sant overhode mulig framlegges kommunestyret."

## 25 PÅ MØTE OM OPPDRETTSNÆRING/ FRILUFTSLIV

Det var Bokn AP som arrangerte møte om oppdrettsnæring/friluftsliv den 24.mars i Allrommet.

Planleggjar Eli Viten ved planavdelinga hos fylkesråds mannen og oppdrettskonsulent Øyvind Halvorsen var innleiarar.

Eli Viten la vekt på at ein her ikkje måtte gjera konflikten oppdrett/friluftsliv interesser større enn den i realiteten er, men opptre som gode naboer, og på førehand ved nøye planleggjing setja av område både til oppdrett og friluftsområde.

Ho var inne på ulemper som oppdrettsnæringa kunne ha for friluftsliv, m.a.:

- Arealkonflikt - badeområde og båtutfartsområde blir opptatt.
- Forureining av badeplassar.
- Landskaphensyn.

Ho meinte at Bokn nå hadde ein god sjanse til ei heilskapleg vurdering for både friluftsliv og oppdrettsnæring i og med den kommuneplanen som nå skal utarbeidast.

Ho meinte også at tilgangen på friluftsområde var eit viktig moment kor vidt folk ville slå seg ned i kommunen

Oppdrettskonsulent Øyvind Halvorsen gjorde greie for kor mange oppdrettsanlegg Bokn har i dag. Det er

2 settefiskanlegg

5 matfiskanlegg

Bokn Poll

Vidare er det søknader inne om nye anlegg.

Han sa vidare at dei positive konsekvensene frå oppdretta i form av skatt og avkastning ennå ikkje har vist seg fullt ut, men vil koma.

Det medfører i dag eit betydeleg tal arbeidsplassar i kommunen når ein reknar med pakkeriet i Knarholmen.

Halvorsen var også inne på konflikten i høve til friluftsliv interessene, og meinte at forureiningsfaren var overdriven, fordi dette ikkje kunne samanliknast med t.d. utslepp frå ein by eller tettstad. Det som vert tilført sjøen frå eit oppdrettsanlegg er ikkje gifter eller sjukdomsframkallande stoff, sa Halvorsen.

Dette med å gi fisken store mengder medisiner, var ikkje så utbreidd her som lenger nord på kysten.

I diskusjonen etterpå var det fleire m.a. politikarar som etterlyste sikre fakta om forureiningsfaren, og om verkemiddel til å sikra at det kan bli levelige vilkår både for oppdrettsnæringa og friluftsliv.

Frå oppdrettshald vart det hevda at oppdrettarane sjøl var dei første som tapte på forureining, fordi dei då måtte flytta anlegget for å kunna driva rekningssvarande. Dei meinte også at å overlata større område til friluftsliv interesser, og dermed bandleggja det slik at ein ikkje kunne ha oppdrett i desse områda, ville vera til ulempe for kommunen. Dette fordi både hyttebyggjing og anna form for utnytting til friluftsliv kunne medføra både forureining og bandleggjing av område.

Som tilhøyrar fekk ein inntrykk av at det var noko vanskelig å få til ein positiv og konstruktiv dialog mellom friluftssinteresser og oppdrettsinteresser. Det kom tydeleg fram at her er det interesse motsetningar.

Kommuneplan-arbeidet vil visa om ein kan få til ein god balanse mellom desse ulike interessene ved å ta omsyn til at begge næringane skal kunna ha ei rimeleg god utvikling.

ra.

## Val av leiar og nestleiar i skulestyret.

Det er kome nye reglar for val av skulestyret. Leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret.

I kommunestyremøte den 1. mars vart Bertha Våge vald til leiar, og Arne Hosaas til nestleiar i skulestyret for perioden 1988 - 89.

## Vikar for legen.

Tor M. Aune har permisjon i legestillinga frå 15. mars og førebels 6 mnd. Han skal halda fram som tilsynslege ved sjukestova og ved helsestasjonen.

På tirsdagane er det Åse B. Sannes som frå april skal vikariera på tirsdagane medan Aune har permisjon.

Den andre og siste fredagen kvar mnd. er det også ny lege frå april. Det er Anne Marie Caspersen.

## Tilsetjingar.

Målfrid Langhelle vart av administrasjonsutvalet den 15.03. tilsett i 3/4 stilling som sjukepleiar i Bokn kommune, med arbeidsområde Bokn sjukestove/åpen omsorg.

-----

Lindy Haram vart av administrasjonsutvalet den 15.03. tilsett i 1/2 stilling som kontorassistent ved sentraladministrasjonen i Bokn kommune.

-----

Marianne Øvrebø vart av administrasjonsutvalet den 15.03. tilsett som nattevakt 6 t. pr. veke ved Bokn sjukestove.

## TILSETJING AV LÆRARAR.

Bokn skulestyre tilsette i møte den 22. mars 1988 desse lærarane frå skuleåret 1988/89:

### Post 1. Oppseing - Bokn skule

Mariann Straume.

### Post 2. Oppseing - Bokn skule

Jorunn Schmeichler.

### Post 3. Oppseing - Bokn barnehage/ Bokn skule

Mariann Straume.

### Post 4. Årsvikariat

Sigmund Kveinen.

## Oppseingar ved Bokn skule.

Arne Hosaas og Per Arvid Jakobsen har sagt opp stillingane sine ved Bokn skule. Begge lærarane hadde permisjon ut skuleåret 87/88.

# NYE OPPTAKSREGLAR TIL BOKN BARNEHAGE.

Bokn barnehagenemnd handsama i møte den 22.mars nye reglar for opptak i barnehagen:

"Reglane for opptak til Bokn barnehage skal byggja på det skjønne opptaksnemnda gjer. Ved opptak skal det mellom anna leggjast vekt på fylgjande:

1. Funksjonshemma born som kan ha nytte av barnehageopphald skal prioriterast. Det same gjeld born som er tilrådd plass i PP-tenesta, helsetenesta eller barnevernsnemnda/sosialstyret.
2. Seksåringane skal prioriterast for halvdagstilbod 3 dagar for veka.
3. Born som har einsleg forsyntar skal prioriterast ved halvdagsplass. Ved plass i heildagsbarnehage må det m.
  - a. vurderast i høve til om forsyntar går i arbeid.
4. Det skal vidare leggjast vekt på fylgjande tilhøve ved opptak i uprioritert rekkefylgje:
  - a) Born frå heimar med sjukdom, funksjonshemming eller andre sosiale grunnar. Slike grunnar treng fagleg dokumentasjon.
  - b) Born frå heimar som ligg slik til at det er lite høve til lek med andre born.
  - c) Born frå heimar der begge foreldra er i arbeid/utdanning.
  - d) Born som har hatt plass siste barnehageår.
  - e) Eldre born kan under elles like tilhøve gå framfor yngre.
5. Opptak gjeld for eit år om gongen frå august, og søkjarar kan normalt få plass frå det året dei fyller 3 år. For søkjarar under punkt 1 og 3, og for søkjarar på heildagsplass, gjeld aldersgrensa på fylte 1 år i kalenderåret dei byrjar.
6. For å få plass i barnehagen, lyt barnet vera busett i kommunen. Ved ledige plassar kan likevel born som ikkje er busett i kommunen få plass, med prioritet for dei som har foreldre som arbeider for Bokn kommune.

7. Avgjerd om opptak kan påklagast av søkjaren. Klagefristen er 3 veker frå ein får melding om opptaket.

8. Det vert halde av 2 ledige plassar, ein heildag og ein halvdags, ut august for klagesaker eller påkomne tilfelle.

9. Talet på plassar er det loven set som maksimum, 18 plassar i alderen 3 - 6 år. (9 plassar for born under 3 år).

10. Frist for oppseiing av barnehageplass er ein månad. Etter 1. april kan ein plass ikkje seiast opp for ved anna enn flytting.

11. Seks-åringar får plass ein dag for veka i vårhalvåret.

Vedtak med leiaren si dobbeltrøyst (4 mot 4):  
Punkt 4 d vert stroke.

Dei andre punkta vart samrøystes vedtekne.

Saka skal vidare til formannskap og kommunestyre til avgjerd.

## LITT INFO FRA IDRETTSLAGET

Fotballsesongen står snart for døren og BIL har i år 2 lag med i serien.


A-laget, som etter den gode sesongen ifjor rykket opp i 8. divisjon, skal spille sin første seriekamp borte mot Foren den 30/4.

Guttelaget skal ha sin første kamp borte mot Haugar 2 den 27/4.

Det er første gang BIL har guttelag med i serien.

Vi ønsker begge lagene lykke til i 88-sesongen. TVI! TVI!

Kommer tilbake med kampoppsettet i neste bygdeblad.



## BOKN BARNEKOR

Søndag 10.april inviterer Bokn barnekor nok en gang til konsert på skolen. Denne gang dreier det seg om påskekantaten "Ein evig påskedag".

Kantater (som er vokale musikkverk med eller uten instrumentledsagelse) er svært populære å synge, og vi begynte å øve på påskekantaten ikke lenge etter suksessen med julekantaten "Jui på jord".

Mens tekstene i julekantaten bygger på juleevangeliet, bygger påskekantatekstene på påskeevangeliet. De samme folkene står bak begge musikkverkene: Trygve Bjerkrheim og Mons Leidvin Taktie. Denne gang vil du få høre solister, unisont/to- og trestemmig - og talekor, en forteller, piano, kornetter, fløyter og slagverkinstrumenter.

Denne konserten var først satt til 13. mars, men den søndagen sang koret sammen med Bømlo musikkskoles barnekor på "Olavskulen" på Bømlo. Det var en avslutningskonsert på et vellykket 2-dagers-korseminar sammen med "Bømus-koret". Alle storkoste seg den helga, og vi håper å få i stand gjensitt til høsten.

Bokn barnekor ligger altså ikke på latsida, og du er hjertelig velkommen 10.april!

De siste forberedelsene til påskekantaten i uke 14 kan gå ut over den øvrige undervisningen i musikkskolen.

Det andre koret i Bokn musikkskole, Bokn blandakor har balanseproblemer. Alle damene i koret ønsker seg flere av det andre kjønn. Så nå vet alle maskuline vesener hva de har å gjøre.


Vi øver fortsatt på mandager kl. 20.00-21.45 på musikkrommet, og har aldri eller kommer til å sette krav til musikkalske ferdigheter.

KOM IGJEN - DAMENE VENTER!

Hilsen Jardar



# « Biblioteket »



## OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

TLF: 748500

NYE

## bøker for barn:

## \* LESETIPS FOR APRIL:

- \* Faremo, Osmund:  
TAKK FOR LIVET, EMIL!
- \* Ulateig, Egil:  
TO LEVENDE OG TO DÖDE.
- \* Lönning, Per:  
ENDELIG HJEMME.
- \* Bye, Erik:  
...Å SKYTE EN TEDDYBJÖRN.
- \* Saue, Solfrid Rörlien:  
VESTLANDSMAT.
- \* Thomas, Craig:  
BJÖRNENS TARER.
- \* Tangvald, Per:  
PÅ LIV OG DÖD.
- \* Lindgren, Emil:  
DEN STORE EMILBOKEN.
- \* Nygren, Tord:  
DEN RÖDE TRÄDEN.
- \* Janosch:  
MANNEN SOM ÖNSKET SEG ET EPLE.
- \* Newth, Mette:  
BORTFÖRELSEN.
- \* Ross, Tony:  
ESPEN FAR SKULDA.
- \* Ambjörnsen, Ingvar:  
KJEMPENE FALLER.

GOD  
PÅSKE!  
8





**-KOM SÅ BYGGER VI-**



**Se vår  
huskatalog**

**70 SIDER MED HUS  
OG INFORMASJON !**

Kontakt vårt kontor -  
kom gjerne innom -  
så får du se tegninger  
på det huset du vil ha.

**HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER**

**VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)**

**KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN**

**FAST KONTORTID:  
MANDAG OG TORSDAG**

**FOR AVTALER: TLF. 748501**

**KL. 17-19**



**TRELAST- OG BYGGEFORRETNING**  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111



**BOKN KOMMUNE**

4290 FØRESVIK

**SØKNAD OM UTSLIPP AV AVLØPSVANN FRA BOLIG/INDUSTRIOMRÅDE VED KNARHOLMEN**

Bokn kommune har den 13. januar 1988 søkt om utslippstillatelse for avløpsvann til Boknasundet rett sørvest for Knarholmen. Søknaden gjelder for et utbyggingsområde beliggende mellom Knarholmen, Hålandssjøen og ny riksvei 512. Området er planlagt for fiskeindustri, verkstedindustri, servicevirksomhet og boliger. Utslipppet består av sanitært avløpsvann fra boliger og industriområde og er begrenset til 150 p.e.

Prosessavløpsvann fra industrier som etableres i området skal før det ledes til avløpsanlegget renses spesielt. D.v.s. at før etablering og tilknytning til avløpsanlegget kan skje, må konsesjon etter Forurensningsloven være ordnet etter gjeldende regler.

Før utslipp skal avløpsvannet passere slamavskiller.

En antar at utslippet ikke vil få negativ innvirkning på resipient eller strandområdet omkring.

Søknaden er utlagt til ettersyn ved kommuneadministrasjonen i Boknatun fra 25. mars til 29. april 1988.

Eventuelle merknader må være sendt teknisk etat i Bokn, 4290 Føresvik innen sistnevnte dato.

Kommuneingeniøren i Bokn, den 23.mars 1988

Hans Faye

9

## SPAR I SR

Sjå under korleis barnetrygda for eit barn på SR-HØGRENTEKONTO aukar til 132.547,07 på 10 år.

UTREGNINGEN ER GJORT FOR: Ole Olsen

Kontotype : SR-HØYRENTTEKONTO

Betingelser: 11.00% rente.

For beløp over kr. 50000.00 beregnes 14.00% rente

SALDO: 0.00 \* SPAREBELØP KR.: 599.00 \* SPARESTART: 1/1988

AR:	INNSKUDD:	RENTER:	SALDO 31/12:
1988	7188.00	428.28	7616.28
1989	7188.00	1266.08	16070.36
1990	7188.00	2196.02	25454.39
1991	7188.00	3228.27	35870.65
1992	7188.00	4374.06	47432.71
1993	7188.00	5696.37	60317.08
1994	7188.00	7489.48	74994.56
1995	7188.00	9544.33	91726.89
1996	7188.00	11886.85	110801.74
1997	7188.00	14557.33	132547.07
1998	0.00	0.00	132547.07 * (PR. 1/1)
	71880.00	60667.07	

Kom inn i SR-BANK BOKN og vi kan på kort tid gje deg ein spareoversikt som svarer til ditt spareønskje.

Vi kan også knytta barneulykkesforsikring til denne kontoen, eller til andre forsikringar du har. For ein forsikringssum på 1/2 mill kan dette vera gratis eller kosta kr. 190,- pr år.

For å letta arbeidet for deg, kan vi ordna med automatisk overføring til ein slik konto, likeeins med at t.d. barnetrygda eller deler av denne går rett inn på ein slik konto.

Kom inn i SR-BANK Bokn og spør.

SR-BANK mer enn bare bank!



# TIL SAMAN 87 PERSONAR PÅ ALL- MANNAMØTE OM KOMMUNEPLAN

Det har vore 4 orienteringsmøte om kommuneplanen i krinsane. Flest fram-  
møtte var det frå Alvestad krins då  
det var 32 frammøtte.

Totalt sett må ein kunna seia at det  
har vore rimeleg god interesse for  
starten av planarbeidet.

Spørsmål som spesielt har vore oppe  
i møta har m.a. vore:

- Bustadtomter - tilretteleggjing og prisnivå.
- Industritomter - tilretteleggjing.
- Nytt senter ved Knarholmen - kva med eksisterande butikkar, bank o.l bør dei flytta til Knarholmen?
- Trafikksikringstiltak på eksister-

- ande vegar når fastlandssambandet kjem.
- Nye vekstnæringar, m.a. turisme. Må profesjonell planleggjing til.
- Sikring av friluftsområde. Avklar-  
ing i høve til område for fiskeopp-  
drett.
- Bokn kommune fungerer greit. Ingen grunn til samanslåing.
- For sterk sentralisering til Føresvik/Alvestad. Kan føre til avfolk-  
ing av ytre strøk.
- Spreidd bustadbyggjing - må av-  
klarast i høve til forureining  
problematikken.
- Sats på ungdom. Viktig at ungdomen  
finn gode fritidstilbod i kommun-  
en.

Dette var berre ein del av dei spørs-  
måla som var oppe til drøfting.

Det vil føra for langt å nemna alt  
som var oppe i detalj, men ein oppfat-  
ta det slik at det vart lagt stor  
vekt på marknadsføring av kommunen,  
og at ein alltid måtte ha tilrette-  
lagt bustadtomter og industritomter.

## Eigenandel for heimhjelp og husmorvikar.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den  
1. mars 1988 fylgjande satsar som  
eigenandel for heimhjelp og husmor-  
vikar frå 1. januar 1988.

### Heimhjelp:

Inntekt frå kr. 30.000 - kr. 70.000  
kr. 15,- pr. t.

Inntekt frå kr. 70.000 -  
kr. 20,- pr. t.

### Husmorvikar:

Inntekt inntil kr. 120.000      kr. 25,-  
pr. t.

Inntekt over kr. 120.000      kr. 30,-  
pr. t.



## LEDIG STILLING

Ledig stilling som reinhaldar ved  
Bokn skule. Arbeidstid 22,5 timar pr.  
veke. Dersom ein av dei tilsette får  
den ledige reinhaldsposten, kan ar-  
beidstida bli 21,25 timar pr. veke.

Nærare opplysningar: Bokn skulekon-  
tor v/skulesjef eller vaktmeister,  
tlf. 74 85 00.

Søknad kan sendast Bokn skulekontor  
innan 20. april 1988.

Skulesjefen

## NYE NEMNDER :

### LANDBRUKSNEMND

Det har vore problem med å avklara kven som er valde tii leiar og nesteleiar i landbruksnemnda, men i siste kommunestyremøte vart det endeleg fastslått:

Leiar: Sigvart Våga  
Nestleiar: Kjell Øvrebø

### ARBEIDERMILJØUTVAL

Medlemmer:  
Finn Kro, Alf Alvestad, Rådmannen  
Varamedlemmer:  
Sigurd Johnny Svendsen, Reidar Alvestad.

### FELLESSTYRET FOR REVISJONSDISTRIKT

Medlemmer:  
Ingvar Alvestad  
Varamedlemmer:  
Bernhard Våge

### LIKNIINGSNEMND

Medlemmer:  
Annbjørn Bokneberg, Anne Marie Medhaug, Norunn Jordbrekk, Annbjørn Sunde  
Varamedlemmer:  
Tor Jøsang, Solveig E. Våga, Arne Våge, Karin Svendsen  
Leiar: Annbjørn Sunde  
Nestleiar: Norunn Jordbrekk

### OVERLIKNIINGSNEMND

Medlemmer:  
Jens Økland, Lillian Våga  
Varamedlemmer:  
Jakob Are, Solvor Våge

### TAKSTUTVAL

Medlemmer:  
Ingebjørg Alvestad, Ståle Trosnavåg, Bjarte Kro  
Varamedlemmer:  
Magnus Grønnestad, Lars Magnus Alvestad, Svanhild Alvestad  
Leiar: Ingebjørg Alvestad

### SKATTEUTVAL

Medlemmer:  
Heine Søndeland, Kjell Kro, Tordis Ellingsen  
Varamedlemmer:  
Oskar Larsen, Finn Kro, Inger Jøsang

### HUSNEMND

Medlemmer:  
Solveig Gundersen, Sverre Øvrebø, Annbjørn Bokneberg  
Varamedlemmer:  
Heine Søndeland, Kjell Kro, Osmund A. Øvrebø  
Leiar: Solveig Gundersen  
Nestleiar: Sverre Øvrebø

### FORBRUKERNEMND

Medlemmer:  
Anne Marie Bokneberg, Målfrid Langheile, Vidar Grønnestad, Arne Hosaas, Ingrid Jøsang  
Varamedlemmer:  
Liv Karin Trosnavåg, Karen Hetland, Ingrid Håland, Harry Hognaland, Tor Kjell Foss  
Leiar: Arne Hosaas

### ARBEIDERVERNEMND

Medlemmer:  
Svein Ove Alvestad, Eva B. Svendsen, Gustav Solberg  
Varamedlemmer:  
Linda Jensen, Else Nilssen, Tor Kjell Foss

### DYREVERNEMND

Medlemmer:  
Kari Are, Lars Bokneberg  
Varamedlemmer:  
Edvin Øvrebø, Torleif Bokneberg

### FORSTANDERSKAP I SR-BANK BOKN

Medlemmer:  
Ståle Trosnavåg, Gustav Solberg, Else Kjellesvik, Liv Vatnaland, Tor Jøsang, Leif Våga, Lars Sigmund Alvestad  
Varamedlemmer:  
Sigurd Berge, Ottar Alvestad, Berit Are, Anna Are, Jens Økland, Sverre Øvrebø, Ingvar Alvestad, Svein Ove Alvestad

## OVERFORMYNDERI

Medlemmer:  
Harald Bokneberg, Reidar Alvestad

Varamedlemmer:  
Solveig Ognøy, Sigvart Våga

## SIVILFORSVARSNEMND

Medlemmer:  
Fridun Ognøy, Svein Ivar Langhelle,  
Hans Faye

Varamedlemmer:  
Harald Bokneberg, Arne Øvrebø, Arne  
Ognøy

## HEIMEVERNSNEMND

Medlemmer:  
Kjell Kro, Annbjørn Sunde

Varamedlemmer:  
Harry Hognaland, Svein Vea

## INNKVARTERINGSNEMND

Medlemmer:  
Herlaug Alvestad, Peder E. Våge, Inger  
Sønnøve Bokneberg

Varamedlemmer:  
Sigrunn Hole Hosaas, Sigfrid Alvestad,  
Sigvart Våga

Leiar: Herlaug Alvestad  
Nestleiar: Peder E. Våge

## TILFLYTTINGSNEMND

Medlemmer:  
Eise Kjellesvik, Leif Vatnaland

Varamedlemmer:  
Herlaug Alvestad, Arne Øvrebø

## KRIGSSKADENEMND

Medlemmer:  
Kjell Kro, Ottar Alvestad, Per Alvestad

Varamedlemmer:  
Svein Kro, Osmund Øvrebø, Magne Are

## MEDL. TIL REPR. SKAP KARMSUND KRA- FTLAG

Medlemmer:  
Leif Vatnaland, Ingvar Alvestad

Varamedlemmer:  
Svein Ivar Langhelle, Håkon Bokneberg

## ARSMØTEREPR. TIL NORD-ROG. OG SUNNHORDL. FRILUFTSRÅD

Medlemmer:  
Eivind Øvrebø, Ingunn Sunde, Else Kjell-  
esvik

Varamedlemmer:  
Ingrid Jøsang, Malvin Jensen, Lindy Har-  
am

## BOKN PENSJONISTFORENING.

## BOKN PENSJONISTFOR- ENING.

Desse vart valde til nytt styre i  
Bokn pensjonistforening den 26.02.88:

Klara Grønnestad - formann  
Olga Alvestad - nestformann  
Elise Kro - sekretær  
Østen Hognaland - kasserar  
Margit Kro - styremedlem


## "BOKNATUN" vart namnet.

Bokn kommunestyre vedtok den 1. mars  
at det nye administrasjonsbygget i  
Bokn som inneheld kommunale kontor,  
statlege kontor, sjukestove, bibliotek,  
tannlege, lege, helsesøster, bank og  
postkontor skal ha namnet "Boknatun".

Sverre Øvrebø sette fram forslag om  
at namnet på kommunehuset skulle vera  
"Varden" - i samsvar med tilrådinga  
frå kulturstyret, men kommunestyret  
vedtok namnet "Boknatun" med 15 mot 2  
røyster.

**VERDENS RØYKFRIE DAG**  
torsdag 7. april 1988

**Tobacco**  
**or Health:**  
Choose Health



**World's 1st No Tobacco Day**

7 April 1988

World Health Organization



Verdens Helseorganisasjon (WHO) feirer i 1988 sitt 40 års jubileum. Jubileet markeres med verdens første røykfrie dag, 7. april. I Norge er det etablert en aksjonsgruppe som står for ulike arrangementer her i landet. Gruppen består av representanter for Den norske lægeförening, Helsedirektoratet, Den Norske Kreftforening, Nasjonalföreningen for folkehelsen, Statens tobakkskaderåd og Statens informasjonstjeneste.

Arbeidet for et røykfritt Norge er en viktig del av helseopplysningsvirksomheten her i landet, og en landsomfattende røykfri dag er et ledd i dette arbeidet.

## Bokn Hagelag

Vi vil også i år ta imot bestilling på bark for medlemmer.

255 kr pr. m<sup>3</sup> med frakt.

Henv. Per Nesvik, tlf. 74 85 57.

Vi har jordfres til utleige. 30 kr for medlemmer, 100 kr for ikkje medlemmer (pr.dag).

Kompostkvern gratis.

Bokn Hagelag



## BOKN KOMMUNE

### KULTURMIDLAR 1988

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1988.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

NB! Søknader som kjem inn etter fristen, kan ikkje rekna med å få stønad.

Søknadsfrist: 15. april 1988.

Bokn kulturstyre.

## TESTET FORMEN I DET SISTE?

Kom å bli med, store og små, på turmarsj "OGNØY RUNDT" søndag 17. april.

Båt fra Føresvik kl. 11.00.

Marsjen avsluttes med grillparty, så ta med godt humør, grillmat og drikke.

B.I.L.

## VELKOMMEN TIL BRUKSHUSET (GAMLE BANKEN)

OPENT ONSDAG DEN 30. MARS FRÅ KL. 10.00 - KL. 12.00 OG PÅSKEAFTA (2. APRIL) FRÅ KL. 10.00 - KL. 12.00.

Elles ope kvar lørdag. NB! NY OPNINGS-TID FRÅ KL. 10.00 - KL. 12.00.

Me har tenkt å byrja med brukte teikneseriar.

Har du teikneseriar å levera inn, tek me i mot fredager frå kl. 17.00. Då tek me òg i mot andre varer.

Helsing  
Brukshuset

## SAKNAR DU EIN SYKKEL?

Nyare raud damesykkel med 3 gir har stått i lengre tid i bussburet på Dagsland.

## Dagamma ledig

Henv. Venke Grønnestad

ARRANGEMENT  
I APRIL

5.april: Kino

10.april: Musikkskulen har konsert

15.april: Bingo  
Arr.: Bokn idrettslag

17.april: Turmarsj til Ognøy (se opp-  
slag)  
Arr.: Bokn idrettslag

21.april: Sjømannsforeningen har basar

23.april: Dans på Bokn skule. Musikk:  
Western Rose.  
Arr.: Bokn Brass

Kyrkjebygd  
søndagsskule  
har vanleg søndagsskule den 10.april  
kl.10.00.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den 11.mars.  
Påmelding til sosialkontoret, tlf.  
74 85 00.

Diskoteket: 31.mars  
9.april



HUSK Å SPØRRE  
OM "TOTAL LIV"-  
FORSIKRING\*

Nå kan du  
få ordnet  
med alle typer  
forsikringer i SR-BANK

\*SR-BANK i samarbeid med  
Svithun Assurance A/S.

SR-BANK mer enn bare bank!



SR-BANK

OGR/SF-BANK